

# Forskrift om ordensreglement

Vedteke av Kommunestyret 18. juni 2024



## Innhald

|  |    |
|--|----|
| §1 Heimel .....  | 3  |
| §2 Formål.....   | 3  |
| § 3 Verkeområde.....                                       | 4  |
| § 4 Elevane sine rettar og plikter.....                    | 4  |
| § 5 Orden.....   | 5  |
| § 6 Åtferd.....  | 5  |
| § 7 Sanksjonar .....                                       | 5  |
| § 8 Utfyllande om brot på reglane .....                    | 7  |
| § 9 Sakshandsaming ved grove brot på ordensreglement ..... | 11 |

# Forskrift om reglement for orden og åtferd ved grunnskulane i Time Kommune (ordensreglement)

## §1 Heimel

Forskrift om ordensreglement for kommunale grunnskular i Time er utarbeidd av kommunalsjef for oppvekst med heimel i opplæringslova §9A-10. Reglementet er revidert med bakgrunn i tilråing om regulering av mobilar og smartklokker i skulen frå [Utdanningsdirektoratet](#), og vedteke av Kommunestyret 18.06.2024. Forskrifta er overordna skulane sine lokale reglar.

Rektor ved skulane kan utforma utfyllande reglar tilpassa lokale behov, og skal då særleg sikra at skulen har rutinar og prosedyrar for å ta i vare elevane sitt psykososiale skulemiljø. Alle rådsorgana i skulen skal vera delaktige i utarbeidninga og skal deretter bli vedteke av Samarbeidsutvalet (SU)

Alle elevar, tilsette og føresette skal vera kjende med forskrift om ordensreglement og eventuelle tilleggsreglar. Ordensreglementet skal vera tilgjengeleg på kommunen og skulen sine nettsider. Sjå § 9-6 i denne forskrifta.

Ordensreglementet gjeld for elevar i grunnskulen i Time og erstattar tidlegare reglement vedteke av Levekår 10.04.2019. ordensreglementet er gjeldande frå 1. august 2024.

## §2 Formål

I Time kommune er målet at elevane får ein oppvekst som gir dei lyst på livet og evne til å meistra det. Ordensreglementet for skulane er eit verkemiddel for å sikra § 1-1 i opplæringslova og denne målsettinga.

Formålet med forskrift om ordensreglement er å fremma læring, tryggleik, trivsel, respekt og toleranse. Skulane skal legga til rette for eit positivt og konstruktivt samarbeid med dei føresette. Elevane skal læra å ta ansvar for seg sjølve og for fellesskapet. Dei skal verta gode medborgarar som viser toleranse og respekt for alle. Alle har rett til eit skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring i tråd med § 9A i opplæringslova.

Forskrifta om ordensreglement vil regulera kva som er god orden og åtferd, og vera grunnlag for vurdering i orden og åtferd på ungdomsskulane.

Skulane kan berre nytta tiltaka som er fastsett i det kommunale ordensreglementet ved brot på reglar, jf § 9A-10 i opplæringslova.

## § 3 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld for elevane i alle grunnskulane i Time Kommune.

Kulturskulen, SFO og leksehjelp er ikkje ein del av skuletida og vert ikkje omfatta av reglane, jf opplæringslova § 9A-1. SFO skal ha eigne vedtekter og bør utforma eige ordensreglement. Det bør og utarbeidast reglar for leksehjelp på kvar skule. Reglane skal gjerast kjent for elevar, føresette og tilsette.

Opplæring spesielt organisert for vaksne, jf kapittel 4A i opplæringslova, utarbeidar egne reglar for orden og åtferd. Reglane skal vera i tråd med opplæringslova.

Ordensreglementet gjeld i skuletida og i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal. Det gjeld og når elevane har undervisning på andre plassar enn på skulen t.d. i prosjektarbeid, leirskule og turar. Forhold på skulebussen, skulevegen og utanfor skuletida kan omfattast av ordensreglementet om forholdet er knytt til skulen og skulemiljøet, og har konsekvensar for undervisninga og læringssituasjonen.

## § 4 Elevane sine rettar og plikter

Elevane har både rettar og plikter.

### Elevane har rett til:

- Eit skulemiljø som gjev tryggleik og sosialt tilhøyrslle
- Å bli høyrt i saker som gjeld eigne forhold til skulen
- Respekt frå andre
- Respekt for private eigedelar
- Eit godt fysisk og psykisk læringsmiljø utan verbale-, fysiske- og digitale krenkingar
- Eit læringsmiljø som fremmar helse, trivsel og livsmeistring
- Eit miljø som fremmar medverknad og demokrati

### Elevane har plikt til:

- Å bidra til eit godt lærings- og skulemiljø for alle
- Behandla alle med omsyn og respekt
- Å visa respekt for andre og skulen sine eigedelar
- Å legga att mobiltelefon og smartklokke heime, eller følga reglane for oppbevaring på skulen

Skulen vil setja inn tiltak ovanfor elevar når nokon krenker, mobbar eller plagar andre. Dette gjeld fysiske, verbale, digitale eller kroppsspråklege handlingar som krenker andre.

## § 5 Orden

Orden gjeld førebuing, arbeidsvanar og arbeidsinnsats.

### **Det er god orden å:**

- Møta presis til timer og avtalar
- Vera førebudd til opplæringa, ha med utstyret ein treng og sjå til at det er klart til bruk
- Gjera arbeidet til rett tid og halda fristar som er sett
- Bidra til at skulen sitt område er ryddig og reint

## § 6 Åtferd

Skulen er lærings- og arbeidsplass for mange, både barn, unge og voksne. Alle har eit ansvar for å skapa eit godt læringsmiljø. For å få dette til må alle elevane følgja vanlege reglar i samfunnet og visa god åtferd.

### **Det er god åtferd å:**

- Visa respekt for undervisninga, og bidra til arbeidsro i timane
- Retta seg etter beskjedar frå dei tilsette på skulen
- Ta godt vare på alt som hører til skulen og stella fint med bøker og anna undervisningsmateriell (sjå §§8-5 og 8-6)
- Ta godt vare på personlege ting, og så langt som mogleg unngå å ta med verdisaker på skulen
- Vera høfleg og snakka fint til andre. Ein skal ikkje banna eller nytta anna krenkjande språk
- Inkludera medelevar og syna respekt og toleranse. Ikkje krenkja andre fysisk, verbalt eller med kroppsspråk
- Bruka nettbrett og anna digitalt utstyr i tråd med signert avtale
- Bruka digitalt utstyr i tråd med skulen sine reglar og reglar for godt nettvert
- Vera fri for rusmiddel (sjå §8-4)
- Bidra til å gjera skulen til ein trygg stad for alle som ferdast der, ved å ikkje ha med farlege gjenstandar på skulen sitt område (sjå §8-3)
- Gjera sitt beste i fagleg arbeid, og ikkje fuska i arbeidet (sjå §8-10)
- Vera på skulen og delta aktivt i opplæringa heile skuledagen

## § 7 Sanksjonar

Alle sanksjonar skal vera slik at elevane skal forstå kva for reglar som er brotne og kvifor skulen reagerer på dette. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brota på ordensreglane og eleven sin alder og utvikling. Dette gjeld både for felles forskrift om ordensreglement for skulane i Time og for dei lokale reglane. Eleven skal, viss det er mogleg, ha høve til å gjera opp for seg.

Elevar har plikt til å gjennomføra pålagde sanksjonar. Det kan det påleggjast nye sanksjonar dersom dette ikkje vert gjort.

Skulen skal ikkje bruka fysisk refsing eller anna krenkjande behandling som sanksjon. Med fysisk refsing tenkjer ein ikkje fysisk arbeid i samband med reparasjonar, rydding eller vasking etter seg sjølv eller andre.

Kollektiv straff kan ikkje nyttast for brot på reglane som er utført av einskilde medlemmer av gruppa.

#### § 7-1 Sanksjonar ved brot på ordensreglane

Brot på ordensreglane kan føra til sanksjonar alt etter kor alvorleg saka er:

- Samtale eller munnleg irettesetting
- Merknader
- Munnleg melding til føresette
- Skriftleg melding til føresette
- Gjenstandar som blir brukt på ein farleg eller provoserande måte vert dradd inn
- Mobiltelefonar og smartklokker blir dradd inn dersom dei er synlege/ blir brukt i løpet av skuledagen. Dersom eleven ikkje gir frå seg mobil eller smartklokke frivillig skal heimen kontaktast.
- Dersom skulane sine reglement har nedfelt at mobilar og smartklokker skal leverast inn i for eksempel mobilhotell ved skulestart, blir dei dratt inn dersom dette ikkje blir følgt. Dersom eleven ikkje gir frå seg mobil eller smartklokke frivillig skal heimen kontaktast.
- Prøver vert annullert ved fusk
- Skriftleg irettesetting/åtvaring frå leiinga ved skulen
- Pålegg om oppgåver for å retta opp skade som er gjort mot skulen sin eigedom eller eigendalar (rydda søppel, vaska golv, fjerna tagging m.m.)
- Vera på skulen før og etter skuletid i samband med samtalar med lærar/rektor eller for å gjera pålagde oppgåver
- Avgrensingar for kvar ein kan vera. Til dømes beskjed om å vera i nærliken av ein namngitt tilsett eller vera på eit avgrensa område inne eller ute
- Pause til andre tider enn dei andre elevane
- Eleven kan sendast heim frå skuletur eller andre arrangement i regi av skulen  
Heimsending vert rekna som ei bortvising (Sjå §§ 7-2 og 9-2 i denne føreskrifta)
- Elevar på 1.-7.trinn kan visast vekk for enkelttimar eller for resten av dagen. Elevar på 8.-10.trinn kan visast vekk i 1-3 dagar. Lærar kan visa eleven vekk frå eiga undervisning i 1-2 klokketimar om rektor har gitt høve til det. Jf opplæringslova §9a-11 og §7-2 og §9a-2 i denne føreskrifta
- Midlertidig overføring til ei anna gruppe/klasse vert avgjort av rektor  
Foreldre/føresette vert informert
- Midlertidig eller permanent skulebytte kan brukast i særlege tilfelle (opplæringslova §8-1). Eit skulebytte vert vedteke av kommunen ved kommunalsjef for oppvekst.

## § 7-2 Bortvising

Ved vald eller trugsmål om vald, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på ordensreglane, kan elevar på 8. -10. trinn visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar. Elevar på 1.-7.klassetrinn kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar og resten av dagen.

Rektor vedtek bortvisinga etter dialog med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal eleven ha fått høve til å forklara seg, og ein skal ha vurdert andre tiltak.

Elevane sine føresette skal ha melding før ein set i verk bortvisinga for resten av dagen på 1. - 7.trinn, og før bortvising for heile dagar på 8. – 10. trinn. Elevar og føresette skal ha moglegheit til å uttala seg før vedtak om bortvising vert fatta.

Lærar kan ha fått delegert mynde frå rektor til å visa bort elevar frå si eiga undervisning. Ei slik bortvising kan ikkje vara lenger enn 2 klokketimar.

## § 8 Utfyllande om brot på reglane

### § 8-1 Ugyldig fråvær

Ugyldig fråvær er definert som fråvær utan gyldig grunn frå føresette eller som varer lengre enn det skulen har gitt permisjon for.

Om ein elev kjem for seint eller er ulovleg borte frå skulen, vil heimen bli kontakta for å få klarlagt årsaka til fråværet. Dei tiltaka som blir sett i verk, må sjåast i samanheng med årsaka til og kor ofte dette skjer.

Føresette skal ha informasjon om ansvaret og rettane dei har i høve til Opplæringslova § 2-1. For elevar på ungdomstrinnet kan det vera aktuelt å setja ned eleven sin ordenskarakter, jf forskrift til opplæringslova §3-7.

### § 8-2 Eit trygt og inkluderande skulemiljø

§9A i opplæringslova er gjeldande. Dette betyr at skulen skal ha nulltoleranse mot krenking, mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. Alle som jobbar i skulen har plikt til å følgja med på at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, gripa inn mot krenking og varsle rektor. Skulen skal følgja opplæringslova sine pålegg for oppfølging av arbeidet med eleven sitt skulemiljø. På grunnlag av lova er det utarbeidd rutinar for sakshandsaming som gjeld for skulane. Skulane i Time følger Olweusprogrammet mot mobbing, krenkande og antisosial åtferd. Skulane har utarbeidd handlingsplanar mot krenking og mobbing som inneheld prosedyrar for korleis ein førebyggjer og oppdagar mobbing. Planane har tiltak som blir sett i verk.

### § 8-3 Farlege gjenstandar.

Det er ikkje lov å ta med seg farlege gjenstandar som kan nyttast til å skade andre. Unntaket er når det er sannsynleggjort at gjenstanden skal nyttast til andre, lovlege formål.

Farlege gjenstandar kan skulen legga beslag på. Ulovlege gjenstandar blir overlevert til politiet. Foreldra kan henta gjenstandar som skulen har tatt i frå eleven, etter skuletid.

#### § 8-4 Rusmiddel

Det er forbode å vera rusa, bruka, oppbevara, omsetja eller ha på seg e-sigarettar, tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område, eller det som til ei kvar tid blir definert som undervisningsarena. Skulen kan leggja beslag på rusmiddel som elevane har med seg på skulen. E-sigarettar, tobakk og alkohol skal overlatast til elevane sine føresette. Ulovlege rusmiddel skal overlatast til politiet.

#### § 8-5 Skade på skulen sin eigedom og utstyr

Elevar som påfører skade på skulen sin eigedom eller utstyr, kan verta pålagde å rydda opp etter seg eller utbetra skaden. Arbeidet må vera av ein slik art at eleven kan greia å utføra det og det må vera rimeleg i forhold til graden av skade som er gjort.

Om eleven forsetteleg eller ikkje aktsamt gjer skade på skulen sin eigedom eller utstyr, kan det reisast krav om erstatning til føresette. Det same gjeld for tap eller øydelegging av bøker, digitalt- og anna utstyr, jf. Skadeerstatningsloven §1-1 og 1-2.

#### § 8-6 Skade på eller tap av eleven sin personlege eigedom

Time kommune har som hovudregel ikkje ansvar for eleven sin eigedom som blir skada eller kjem vekk i skuletida. Kommunen kan i særlege tilfelle erstatta:

- Gjenstandar som vert skada eller øydelagd etter å ha vore nytta som ein del av undervisninga
- Andre forhold der det vert vurdert som rimeleg at utgifta vert dekka av skulen. Rektor vurderer saka

I situasjonar der ein eller fleire elevar har forårsaka at ein annan elev sin eigedom blir øydelagd, vil eleven/elevane som er innblanda kunne stå ansvarleg etter §§ 1-1 og 1-2 i lov om skadeerstatning.

Det er rektor som avgjer om kommunen kan gje erstatning. Det er ikkje klagerett på rektor si avgjerd.

#### § 8-7 Ulykkesforsikring i skuletida

Kommunen har plikt til å sørgra for ulykkesforsikring for elevane. Forsikringa gjeld på skulen, på skulevegen, på skuleturar, idrettsdagar. Forsikringa gjeld også for leirskule og andre arrangement som skulen har ansvar for.

#### § 8-8 Mobiltelefon og smartklokker

Alle skulane i Time kommune skal vera fri for mobil- og smartklokker i timer og friminutt. Foreldre saman med elevane har ansvar for at regelverket blir følgjt, og bør løysast ved at foreldra sikrar at desse blir lagt att heime. Kvar skule skal i tillegg ha system for oppbevaring. Dette skal koma fram i skulen sitt ordensreglement. Om skulen sitt reglement opnar for at eleven kan oppbevara mobil og smartklokke i for eksempel skulesekk, har ikkje skulen ansvar for utstyret. Skulen er ansvarleg for utstyret den tida skulen oppbevarer det. Ved brot på reglementet vil sanksjonane i § 7- 1 gjelda.

Skulen kan konfiskere og behalde telefonen og anna elektronisk utstyr om skulen har mistanke om at ein elev har nytta utstyret til noko ulovleg. Dette kan til dømes vera å krenke eller plage andre, filme/ta bilete av andre i situasjonar dei ikkje ønskjer eller filme lovbrot. Jf

straffelovens §§ 17 og 18 om nødrett. Om skulen vil sjå på innhaldet i telefonen, må dei be føresette om samtykke. Om dei føresette ikkje samtykker, og skulen mistenker at det har skjedd noko straffbart, bør skulen så raskt som mogleg levera telefonen til politiet.

I spesielle tilfelle der enkeltelevar har behov for tilrettelegging ut frå helsemessige årsaker, eller sosial og fagleg læring, kan det gjerast unntak frå § 8-8. For å gjera unntak frå § 8-8, kan rektor be om ei uttale frå ein sakkyndig instans.

Meir informasjon om reglar/lovar som gjeld for skule og mobiltelefonar finn ein på [Barneombudet, dine rettigheter](#)

#### § 8-9 Bruk av internett og sosiale media

Forskrift for ordensreglement er gjeldande når elevar nyttar sosiale media og internett i skuletida. Elevane skal vise nettvett og god åferd. Dei skal ikkje oppstre krenkande ovanfor andre. Nettvettsreglane bør ta utgangspunkt i Redd Barna sine nettvettsreglar.

Føresette har ansvaret for eleven sin bruk av internett og sosiale media etter skuletid. Om hendingar i sosiale media e.l. får konsekvensar for eleven sitt læringsmiljø på skulen, vil opplæringslova §9A-4 bli gjeldande.

#### § 8-10 Reaksjonsmåtar ved fusk

Fusk, eller forsøk på fusk, er brot på gjeldande ordensreglement og kan få konsekvensar for eleven sin karakter i åferd.

Bruk av hjelpemiddel og kommunikasjon som ikkje er tillate i prøvesituasjonen, vert oppfatta som fusk. Det same gjeld for kopiering/plagiering av andre sitt arbeid som blir levert som eige produkt. Karakteren på den prøven/oppgåva vil bli annullert. Konsekvensen er eit svekka vurderingsgrunnlag. Elevar på ungdomstrinnet skal varslast om at dette kan føra til at ein ikkje får terminkarakter.

Eksamens i eit fag kan bli annullert dersom eleven har fuska eller prøvd å fuska på eksamen. For elevar som får eksamen annullert på grunn av fusk, fell standpunktcharakteren vekk. Elevar på ungdomsskulen skal bli varsle om moglegheita for at for at dei ikkje får sluttvurdering. Spørsmål om annulling av eksamen i faget skal avgjera av rektor. Vedtak om annulling av eksamen kan pålagast til fylkesmannen. Eleven har likevel rett til å fullföra eksamen på eksamensdagen.

#### § 8-11 Undersøking og straffbare forhold

Skulen eller lærarane har ikkje heimel for å utføre etterforskingsmessige tiltak eller utøve tvang. Det gjeld til dømes for ransaking, narkotika- og alkoholtesting. Dersom det er mistanke om straffbare forhold, kan skulen kontakta politiet for bistand til å gjennomföra kontroll eller andre tiltak. Dette gjeld forhold som tjuveri, skadeverk, vald, trugsmål, tvang, narkotika, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakkassering, sjikane på grunn av religion eller livssyn o.l. Dersom det er mogleg, skal eleven sine føresette varslast munnleg på same tid som politiet vert oppmoda om bistand. Føresette skal varslast skriftleg, dersom politiet er tilkalla.

Utdanningsdirektoratet tilrår at straffbare forhold som skjer på skulen sitt område skal meldast til politiet. Der ein elev er den fornærma part, kan både dei føresette og rektor mælda saka.

Det er rektor og kommunalsjef som kan melda ordensbrot til politiet som representantar for skulen og kommunen.

#### § 8-12 Bruk av fysisk makt

Tilsette eller elevar kan ikkje nytta fysisk makt. Fysisk maktbruk vil kunne rammast av fastsettingar i straffelova. Tilsette har til en viss grad moglegheit til å nytta naudverge for å hindra at elevar skadar seg sjølv eller andre, eller skadar skulen sin eigedom jf §§ 17 og 18 i straffelova. Når slike tiltak vert satt i verk, skal det straks meldast til rektor og dei føresette. Rektor har ansvar for at årsaka og tiltaka vert dokumentert.

#### § 8-13 Om fastsetting av karakterar i orden og åtferd

Ved fastsetting av karakter i orden skal ein m.a. ta omsyn til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsett ved den einskilde skule.

Ugyldig fråvær kan føra til nedsett karakter i orden.

Ved fastsetting av karakter i åtferd, skal ein ta omsyn til korleis eleven oppfører seg på skuleområdet og elles når skulen har ansvar for elevane. Ein skal særleg leggja vekt på korleis eleven er ovanfor andre elevar, lærarar og andre tilsette. Ein kan også ta omsyn til korleis elevane oppfører seg mot kvarandre på skulevegen.

Ved fastsetting av karakter i orden og åtferd, skal ein til vanleg ikkje leggja avgjera vekt på enkelthendingar. Karakteren i orden og åtferd vil som hovudregel setjast ned etter gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Om handlinga er eit spesielt grovt brot på ordensreglementet, kan karakteren setjast ned etter ei hending.

For at ein elev ved ungdomsskulen skal få anna enn beste karakter i orden og åtferd, må det bli gitt varsel på førehand i så god tid at eleven har moglegheit til å forbetra karakteren sin, jf forskrift til opplæringslova §3-7, 2. og 3. ledd. Eleven og dei føresette skal også ha skriftleg varsel om det er fare for at eleven i halvårvurderinga med karakter eller standpunkt karakter skal få Ng eller Lg.

Dei siste vekene og dagane i skulehalvåret har også betydning for karaktersettinga. Det kan difor hende at brot på ordensreglementet skjer så seint og/eller er av så alvorleg art at det ikkje er mogleg å gje varsel på førehand, eller er tid til å forbetra karakteren.

## § 9 Sakshandsaming ved grove brot på ordensreglement

Handsaming av brot på ordensreglementet følgjer reglane for sakshandsaming i forvaltningslova. Skulen har plikt til å sjå etter at ei sak er så godt opplyst som mogleg før ein tek avgjerd om bruk av sanksjonar.

### § 9-1 Eleven sin rett til å forklare seg.

Før alle former for sanksjonar blir sett i verk, har elevane krav på å forklara seg for den/dei som avgjær kva sanksjonar som skal nyttast. Eleven har i møte med skulen rett til å ha med seg ein person. Ei avgjerd om tiltak skal grunngjevast.

Før det vert gjort ei avgjerd om å nyitta sanksjonar etter §8-11 om straffbare forhold i dette reglementet, skal eleven få moglegheit til å forklara seg for rektor, kontaktlærar eller den rektor har gitt løyve.

For at saka skal vera så godt belyst som mogleg, kan det vera nødvendig å henta inn informasjon frå andre elevar eller tilsette som var vitne til brotet på ordensreglene. Det kan også vera avklarande å snakka med ein lærar som kjenner eleven godt, t.d. kontaktlærar.

Eleven skal få vita grunngjevinga for sanksjonen samtidig som den blir gitt. Grunngjevinga kan vera munnleg, men ved enkeltvedtak skal grunngjevinga vera skriftleg.

Dei føresette skal så raskt som råd få informasjon om dei sanksjonane skulen har vedteke i samband med brot på ordensreglene. Om det er snakk om alvorlege brot, skal føresette få informasjon før eventuelle sanksjonar vert sett i verk.

### § 9-2 Bortvising

Ei bortvising inneber at eleven sin rett til opplæring vert satt til side for ein avgrensa periode. Ei avgjerd om å visa ein elev bort for ein heil dag eller fleire dagar er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova kap. IV, V og VI og §9A-11 i opplæringslova. Andre sanksjonar vil normalt ikkje vera enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Det er rektor som fattar vedtak om bortvising etter å ha vore i dialog med eleven sin lærarar, eleven og føresette. Før rektor fattar vedtak om bortvising skal andre og mildare tiltak vurderast. Rektor kan visa eleven vekk frå arrangement, men ein kan ikkje nytta utesenging frå skuleturar eller liknande som sanksjon mot eleven.

### § 9-3 Flytting av elev til ein annan skule

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege høve bli flytta til ein annan skule enn nærmiljøskulen utan at føresette samtykkjer til dette. Før det blir gjort vedtak om å flytta ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Desse tiltaka skal vera dokumenterte.( Jf. Opplæringslova § 8-1, 3.ledd) Kommunalsjef for oppvekst fattar vedtak i slike saker.

## § 9-6 Kunngjering og iverksetting

Denne forskrifta gjeld frå 01. august 2024. Reglementet for orden og åtferd, både det kommunale og det lokale, skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år når skuleåret startar. Det er rektor som har ansvar for dette. Reglementet skal vera tilgjengeleg på kommunen/skulane sine heimesider.